



## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Fitjar kommune, Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Fitjar rådhus, Kommunestyresalen
<b>Dato:</b>	03.04.2024
<b>Tid:</b>	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er til Helge Inge Johansen, tlf. mob.402 03 664, mail [helge.inge.johansen@vlfk.no](mailto:helge.inge.johansen@vlfk.no) eller til Hogne Haktorson, tlf. mob. 911 05 982, mail: [hogne.haktorson@vlfk.no](mailto:hogne.haktorson@vlfk.no)

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.  
Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Kjell Aleksander Skogsrud  
kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Kommunedirektør

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off</b>
	Godkjenningssaker		
GK 3/24 GK 4/24	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte 21.02.2024 Politiske saker	2024/23	
PS 7/24	Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - oppfølging av handlingsplan	2022/214	
PS 8/24	Tilsetjingsprosessen av kommunedirektør - orientering frå ordførar/varaordførar	2023/498	
PS 9/24	Manglande handsaming av ei politisk sak - orientering frå ordførar/konst.kom.dir	2023/498	
PS 10/24 PS 11/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval Eventuelt	2023/499 2022/117	

## **GK 3/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2024/23-4  
**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	4/24	03.04.2024

### Godkjenning av møteprotokoll frå møte 21.02.2024

Møteprotokoll frå møte 21.02.2024 er vedlagt.



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Fitjar kultur og idrettsbygg, møterom i 2 etg,
<b>Dato:</b>	21.02.2024
<b>Tid:</b>	09:00 - 12:15

### Følgjande faste medlemer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Kjell Aleksander Skogsrud	Leiar	AP
Karen Elisabeth Rydland Sæbø	Nestleiar	SP
Björg Tislevoll	Medlem	H
Johan Ove Sørfohn	Medlem	INP
Rolf Atle Rolfsnes	Medlem	KRF

### Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Andre som møte:

Kjersti Gjuvsland	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Annbjörg Ryssdal	Forvaltningsrevisor, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Kjell-Aleksander Skogsrud  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/24	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.12.2023	2024/23	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 1/24	Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 - prosessmøte 1	2023/389	
PS 2/24	Årsmelding 2023 for kontrollutvalet	2024/24	
PS 3/24	Møteplan 2024 for kontrollutvalet	2024/4	
PS 4/24	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2023/499	
PS 5/24	Tilsetjingsprosessen av kommunedirektør - orientering frå ordførar/varaordførar	2023/498	
PS 6/24	Eventuelt	2022/117	
	<b>Referat saker</b>		
RS 1/24	Budsjett 2024 for kontrollutvalet	2022/113	
RS 2/24	VS: FKT - medlemsinformasjon desember 2023	2022/116	
RS 3/24	Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023	2024/13	

## Godkjenningssaker

### **GK 9/23 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og sakliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **GK 10/23 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 06.12.2023**

**Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til protokoll frå møte 06.12.2023.

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte 06.12.2023 vart godkjent.

## Politiske saker

### **PS 1/24 Plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2028 – prosessmøte 1**

#### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurdering (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll so langt til orientering.

**Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Deloitte AS gjennomførte prosessmøte 1 med kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tek, på bakgrunn av prosessmøte 1, risiko- og vesentlegvurdering (ROV) gjeldande forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll so langt til orientering.

## **PS 2/24 Årsmelding 2023 for kontrollutvalet**

### **Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet

### **Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det var ingen merknader til årsmeldinga, men på heimesida til kommunen står det at leiar skal vere medlem av kommunestyret.

Dette er feil, det er i henhold til kommunelova krav om at eit av medlemmane er medlem av kommunestyret, slik det kjem fram av årsmeldinga.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

1. Kommunestyret godkjenner årsmelding 2023 for kontrollutvalet.
2. Kommunestyret ber om at det vert lagt inn rett informasjon gjeldande kven som skal delta i kommunestyret frå kontrollutvalet.

## **PS 3/24 Møteplan 2024 for kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2024:

Dato:
21.02.2024
10.04.2024
29.05.2024
11.09.2024
20.11.2024



## Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

### Behandling i møte

Kontrollutvalet diskuterte forslag til møteplan slik det kjem fram av innkallinga, og vart einig i å flytte møte 10.04.2024 til 03.04.2024.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2024:

Dato:
21.02.2024
03.04.2024
29.05.2024
11.09.2024
20.11.2024

## PS 4/24 Gjennomgang av møteprotokoller frå andre politiske utval

### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet

### Behandling i møte

I innkallinga står det at det var møte i utval for oppvekst og omsorg 25.01.2024 og dette er feil, men det var møte i kommunestyret.

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane og møteprotokoll frå møte i kommunestyret 25.01.2024.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollar til orientering.

## **PS 30/23 Tilsetjingsprosessen av kommunedirektør – orientering frå ordførar/varaordførar**

### **Forslag til vedtak**

Utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Grunna at varaordførar vart forhindra frå å møte til dette møte, er saka utsett til møte 03.04.2024.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet utsett saka til møte i kontrollutvalet 03.04.2024.

## **PS 6/24 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Spørsmål frå medlem Karen Elisabet Rydland Sæbø - gjeldande manglande handsaming av ei politisk sak

Saka gjeld "Ekstra barnehagetilbod 2024-2025 erstatning for Fjellheim friluftsbarnehage" som vart sett opp som sak i møtet for oppvekst og omsorg 21.02.2024 ikkje skal opp i dette utvalet likevel.

Spørsmålet vert då: Kjem saka opp i dette utvalet ved eit anna høve før handsaming i kommunestyret 14.03.2024 ?, dersom ikkje ynsker eg svar på kvifor den ikkje kjem opp i dette utvalet der den naturleg høyrer heime.

Kontrollutvalet var einig i å stilla dette spørsmålet til ordførar/administrasjon.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet ber om at ordførar/konst.kom.dir. kjem og orienterer om saka slik det kjem fram ovanfor til møte i kontrollutvalet 03.04.2024.

## **Referat saker**

### **RS 1/24 Budsjett 2024 for kontrollutvalet**

**Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

### **RS 2/24 VS: FKT – medlemsinformasjon desember 2023**

**Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

### **RS 3/24 Årsmelding mobbeombodet i Vestland 2022-2023**

**Saksprotokoll 21.02.2024 - Fitjar kommune, Kontrollutvalet**

#### **Behandling i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtak i saka var samrøystes.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/214-13  
**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	7/24	03.04.2024

## Forvaltningsrevisjon av Institusjons- og heimetenestene - oppfølging av handlingsplan

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 20.11.2024. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 30.10.2024.

### Samandrag

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 03.05.2023 (sak PS 17/23), og vedtaket er i samsvar med innstillinga frå kontrollutvalet. Kontrollutvalet hadde handlingsplan til handsaming i møte 13.09.2023. Sekretariatet registrerer at kommunedirektør har kome noko lengre med betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen, men at det står att ein del arbeid. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status til møte i kontrollutvalet 20.11.2024.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Plan for oppfølging av forvaltningsrevisjonen i pleie og omsorg.docx

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kommunestyret handsama revisjonsrapporten i møte 03.05.2023 (sak PS 17/23), og fatta slik vedtak:

«Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørge for at tilsette og aktuelle brukarar får tilstrekkeleg informasjon om, og opplæring i aktuell velferdsteknologi som er innført i institusjons- og heimetenestene.
2. Sørge for at det vert innført rutinar for at det i samband med kartlegging av hjelpehov blir vurdert om velferdsteknologi kan vere føremålstenleg.
3. Sørge for at det er etablert tilstrekkeleg rutinar og retningslinjer for arbeidet ved tenestekontoret og at desse vert jamleg revidert.
4. Sørge for tilstrekkeleg samhandling mellom utøvande tenester og tenestekontoret når det gjelde evaluering og eventuell endring av vedtak.
5. Sørge for at det er system og rutinar for registrering , oppdatering og sletting av helse- og personopplysningar i journalsystemet. Kommunen må vidare sikre at det blir meldt avvik ved brot på dette kravet i samsvar med krav i regelverket.
6. Sørge for at verdighetsgarantien sine krav til innhaldet i tenesta blir etterlevd.
7. Sørge for at det vert etablert bemanningsplan og vurderer jamleg slik at den samsvarar med behova i tenestene.
8. Sørge for at det vert etablert eit systematisk arbeid med oppfølging og førebygging av sjukefråvær.»

Dessutan vedtok kommunestyret at det vart laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 23.08.2023, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Kontrollutvalet handsama handlingsplanen i møte 13.09.2023 (PS 17/23). Dette vart protokollert:

«Det vart orientert kort om saka slik det kjem fram av saksframlegg og vedlegg til saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltnings-revisjonen men at det står att ein del arbeid.
2. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i kontrollutvalet i 2024. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 15.01.2024.»

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Etter det sekretariatet kan sjå står det att ein del arbeid før tiltaka i handlingsplanen er på plass. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet går gjennom handlingsplanen punkt for punkt saman med notat frå kommunedirektør (sjå vedlegg) som beskriv nærare status.

### Konklusjon

Det vert tilrådd frå sekretariatet at kontrollutvalet ber kommunedirektør om ny skriftleg status på

handlingsplanen til møte i kontrollutvalet 20.11.2024.

## **Tilbakemelding på forvaltningsrevisjon - institusjons- og heimetenestene - revisjonsrapport**

Kommunestyret i Fitjar handsama 03.05.23 i sak PS 17/23 forvaltningsrevisjon av institusjons- og heimetenestene. Kommunen fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret ber kommunedirektør om å:

1. Sørge for at tilsette og aktuelle brukarar får tilstrekkeleg informasjon om, og opplæring i aktuell velferdsteknologi som er innført i institusjons- og heimetenestene.
2. Sørge for at det vert innført rutinar for at det i samband med kartlegging av hjelpehov blir vurdert om velferdsteknologi kan vere føremålstenleg.
3. Sørge for at det er etablert tilstrekkeleg rutinar og retningsliner for arbeidet ved tenestekontoret og at desse vert jamleg revidert.
4. Sørge for tilstrekkeleg samhandling mellom utøvande tenester og tenestekontoret når det gjelde evaluering og eventuell endring av vedtak.
5. Sørge for at det er system og rutinar for registrering , oppdatering og sletting av helse- og personopplysningar i journalsystemet. Kommunen må vidare sikre at det blir meldt avvik ved brot på dette kravet i samsvar med krav i regelverket.
6. Sørge for at verdighetsgarantien sine krav til innhaldet i tenesta blir etterlevd.
7. Sørge for at det vert etablert bemanningsplan og vurderer jamleg slik at den samsvarar med behova i tenestene.
8. Sørge for at det vert etablert eit systematisk arbeid med oppfølging og førebygging av sjukefråvær.

At det vert laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 23.08.2023, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Etter dette har konklusjonen og tilrådingane i rapporten blitt gjennomgått og drøfta med dei involverte leiarane det gjeld og komen fram til følgjande plan for oppfølging:

**Handlingsplanen vart handsama i kontrollutvalet 13.09.23, i sak PS 17/23 kontrollutvalet fatta følgjande vedtak:**

- Kontrollutvalet registrerer at kommunen har starta opp betringsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen men at det står att ein del arbeid.
- Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i kontrollutvalet i 2024. Tilbakemelding vert å senda sekretariatet innan 15.01.2024.

Under følg oppdatert plan for arbeidet med forvaltningsrevisjonen som er gjennomført frå hausten 2023:

Pri	Tiltak	Plan for oppfølging	Tidsplan for ferdigstilling	Ansvar
	Felles for alle punkt	<p>Kvar veke vert det gjennomført:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• avdelingsleiar møter (her deltek og sakshandsamar)</li> <li>• Inntaksmøte (tverrfagleg møte)</li> </ul> <p>Vidare er det jobba med struktur:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fokus på leiing og organisering</li> <li>• Nye turnusar frå 1. mars</li> <li>• Tydlegare lederfunksjon</li> <li>• Månadlege personalmøte</li> </ul>	Kontinuerleg	Einingsleiar PLO
1	3, 4 og 5	<p>Arbeid med retningsliner for disse punkta er påbegynt og høyrer saman:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvar veke er det inntaksmøter, her vert det evaluert bla kortidskartleggings opphald, endringar i enkelt saker vedr. omsorgsbehov.</li> <li>• rutinar og retningsliner for arbeidet ved tenestekontoret <ul style="list-style-type: none"> <li>- Jamlege møter, (med avdelingsleiarane, inntaksmøte)</li> <li>- rutine kring ansvar for innlegging av personopplysningar og korleis dette vert gjennomført.</li> <li>- rutinar for oppdatering og evaluering av enkeltvedtak.</li> <li>- Det er rutinar for kva journalansvarleg skal gjere og kven som er ansvarleg.</li> <li>- rutinar for kven som kan slette opplysningar i Geric.</li> <li>- Retningsliner på at brot på disse rutinane skal det sendast avvik på. Rutinen skal liggast i Compilo og evaluerast ein gong i året.</li> <li>- Det er utarbeida rutine for kven som melder inn kortids- og langtidsopphald til NAV</li> </ul> </li> <li>• Det er utarbeida ein handlingsplan for koordinatorar, som viser til ansvarsområdet for ein koordinator og arbeid med individuell plan. Det vert lagt opp til jamlege møter.</li> </ul>	Sept. 2023	Sakshandsamar på tenestekontoret
2	1 og 2	Arbeid med retningsliner for kartlegging av bruk av omsorgsteknologi og opplæring er påbegynt.	Januar 2024	Etatsjef og sakshandsamar på tenestekontor



		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er utarbeida eit nytt søknadsskjema for helse og omsorgstenester</li> <li>• Tenestestandard skal reviderast våren 2024, omsorgsteknologi får ein meir sentral plass i tenesteutøvinga.</li> <li>• Det er utarbeida ROS-analyse for bruk av medisindispensarar, kartleggings skjema før tildeling av tenesta, samt plan for opplæring.</li> <li>• Det vert oppstart av ei arbeidsgruppe samansett med leiarar, sakshandsamar, ressurspersonar i tenesta for å implementere omsorgsteknologi.</li> <li>• Det er gitt tilbod til fleire i tenesta for gjennomføring eit opplærings program med ABC- omsorgsteknologi</li> </ul>	Juni 2024	
3	6	<p>Dette er eit arbeid som pågår kontinuerleg:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- i møte med den enkelte brukar/pasient og vedtaksutforming. (her nyttar ein kartleggingsverktøy)</li> <li>- Flyttar pasientar på rett omsorgsnivå. Dette gjeld i hovudsak brukarar som bur på Havnauset, og som har behov for høgare bemanningstettleik/ eller har rom som er tilrettelagt for å nytte hjelpemiddel.</li> <li>- Det er tilsett fire 100 % stillingar i vikarpool, to sjukepleiarar og to helsefagarbeidarar. Dette for å sikre kvalifisert personell på jobb.</li> <li>- Tilsette får bonusordning for å gå fleire helgar.</li> <li>- Dersom behov vert det nytta vikarbyrå</li> <li>- Vurdere kva kompetanse ein har behov for ved lysing etter stillingar.</li> <li>- Jamlege møter med pårørande</li> <li>- Kartlegging samtale når brukar/pasient får tildelt korttidsopphold/ omsorgsbustad/langtidsplass. Dette gjeld for eksempel matvaner, røyking, som vert spesialtilpassa for den enkelte pasient/brukar</li> </ul>	Oppstart mai 23 –	Etatsjef, einingsleiar og avdelingsleiarar
4	7	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Målet i pleie og omsorg er å løyse dei oppgåvene som er pålagt på ein fagleg forsvarleg måte, og i tråd med lover og retningslinjer fastsett av styresmaktene. Dette vert innfridd så langt det er mogeleg med dei ressursane og den bygningsmassen vi har</li> <li>- Det vert laga rutinar for gjennomgang for kvar stilling som skal lysast ut, opp mot kvalifikasjonar og kompetanse som einingane har behov for. Dette inneber at stillingsheimlar kan omgjerast. Fagarbeidar til sjukepleiar eller omvendt, kan og vera spesialutdanning som ein har behov for.</li> </ul>	<p>Pågåande arbeid</p> <p>Kontinuerleg</p> <p>Mars 24</p>	Etatsjef, Einingsleiar og avdelingsleiarane

		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Når nye turnusar skal utarbeidast vert det lagt inn bemanningsplan ut frå krav til kompetanse, kor mange som er på jobb til ei kvar tid.</li> <li>- Strategisk kompetanseplan for helse, sosial og omsorg skal reviderast ila 2024.</li> <li>- Det vert arbeida med bustadpolitisk handlingsplan i 2024 (behov no- og i framtida)</li> </ul>	<p>Oppstart hausten 24</p> <p>Desember 24</p>	
5	8	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Det er etablert faste avdelingsleiarmøter, der ein planlegg korleis ein gir ut informasjon til tilsette</li> <li>- Det vert sett ned personalmøte på kvar avdeling ein gang i månaden frå og med august 23</li> <li>- Det vert arbeida med ein gjennomgang av stillingsomtalar, som tydeleggjer ansvarsområde.</li> <li>- Det vert arbeida med sjukeoppfølging etter kommunen sine retningsliner</li> <li>- Ein legg opp til god informasjonsflyt og opplæring når neste 10- faktor skal gjennomførast, med plan for korleis ein skal jobbe avdelingsvis med tiltak.</li> </ul>	<p>Pågåande arbeid,</p> <p>Mai 23-</p>	<p>Etatsjef,</p> <p>einingsleiar,</p> <p>avdelingsleiar og</p> <p>personalavdelinga</p>



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2023/498-5  
**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	8/24	03.04.2024

### Tilsetjingsprosessen av kommunedirektør - orientering frå ordførar/varaordførar

#### Forslag til vedtak

Utan forslag til vedtak

#### Samandrag

Denne saka vart handsama i eventuellsaka (PS 31/23) i møte 06.12.2023. Ordførar/varaordførar kjem til møtet for og gje ei orientering til kontrollutvalet.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møtet 06.12.2023 vart dette protokollert i sak PS 31/23 Eventuelt

«Orientering frå ordførar/varaordførar gjeldande blant anna tilsetjingsprosessen av kommunedirektør.

Partane har kome til einigheit gjeldande sluttavtale for noverande kommunedirektør, og kommunen skal no starta opp arbeidet med å få tilsett ny kommunedirektør. Kontrollutvalet ønskjer ei orientering gjeldande rekrutteringsprosessen gjeldande kommunedirektørstillinga, og om det er noko frå rekrutteringsprosessen frå tidlegare, kommunen kan trekkje lærdom av. Kontrollutvalet ønskjer helst at varaordførar kjem og orienterer om saka, ut i frå at varaordføraren og var varaordførar i førre valperiode.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

Kontrollutvalet ber om at ordførar/varaordførar kjem til møte i kontrollutvalet 21.02.24 og gjev ei orientering til kontrollutvalet slik det kjem fram ovanfor. «

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. Kommuneleva § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Ordførar og varaordførar kjem til møtet for å orientera om saka.

Ut frå kva som kjem fram av informasjon i møtet må kontrollutvalet diskutera kva ein skal gjera vidare med saka.

### Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til konklusjon.



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2023/498-6  
**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	9/24	03.04.2024

### Manglande handsaming av ei politisk sak - orientering frå ordførar/konst.kom.dir

#### Forslag til vedtak

Utan forslag til vedtak

#### Samandrag

Denne saka vart handsama i eventuelt-saka (PS 06/24) i møte 21.02.2024. Ordførar/konst.kom.dir. kjem til møtet for og gje ei orientering til kontrollutvalet gjeldande manglande handsaming av ei politisk sak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I møtet 21.02.2024 vart dette protokollert i sak PS 06/24 Eventuelt:

#### Spørsmål frå medlem Karen Elisabet Rydland Sæbø - gjeldande manglande handsaming av ei politisk sak

Saka gjeld "Ekstra barnehagetilbod 2024-2025 erstatning for Fjellheim friluftsbarnehage" som vart sett opp som sak i møtet for oppvekst og omsorg 21.02.2024 ikkje skal opp i dette utvalet likevel.

Spørsmålet vert då: Kjem saka opp i dette utvalet ved eit anna høve før handsaming i kommunestyret 14.03.2024?, dersom ikkje ynsker eg svar på kvifor den ikkje kjem opp i dette utvalet der den naturleg høyrer heime.»

Kontrollutvalet var einig i å stilla dette spørsmålet til ordførar/administrasjon.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet ber om at ordførar/konst.kom.dir. kjem og orienterer om saka slik det kjem fram ovanfor til møte i kontrollutvalet 03.04.2024.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. Kommuneleva § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Ordførar/konst.kom.dir. kjem til møtet for å orientera om saka.

Ut frå kva som kjem fram av informasjon i møtet må kontrollutvalet diskutera kva ein skal gjera vidare med saka.

### Konklusjon

Saka vert lagt fram utan forslag til konklusjon.



Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2023/499-3

**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	10/24	03.04.2024

### Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

#### Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Kontrollutvalet vedtok i det første møte i den nye valperioden, 06.12.2023, at ein ønsker ein gjennomgang av desse.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak i møte 06.12.2023 om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Bjørg Tislevoll
Formannskapet	Karen Elisabeth Rydland Sæbø
Utval for oppvekst og omsorg	Kjell-Aleksander Skogsrud
Utval for plan og miljø	Johan Ove Sørfohn og Rolf Atle Rolfsnes

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemane vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	14.03.2024
Formannskapet	06.03.2024
Utval for oppvekst og omsorg	21.02.2024
Utval for plan og miljø	20.02.2024 og 19.03.2024

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.





Fitjar kommune

## Sekretariat for kontrollutvalet

---

Saksframlegg

---

**Saksnr:** 2022/117-10

**Saksbehandlar:** Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	11/24	03.04.2024

### Eventuelt

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

### **Vurderingar og verknader**

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

### **Konklusjon**

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.